



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 998 181 712
Organisasjonsform: Samvirkeforetak
Foretaksnavn: KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA
Forretningsadresse: Daltunvegen 19
6776 KJØLSDALEN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Thomas Poul Reines Hals
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 26.06.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 11.06.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Foreldrebetalingar	1	293 510	242 754
Andre driftsinntekter	2, 3	10 976 511	9 935 425
Sum inntekter		11 270 021	10 178 179
Kostnader			
Lønskostnad	3, 4	7 930 921	7 220 230
Ordinære avskrivningar	5	60 750	60 728
Andre driftskostnader	3, 4, 6	2 383 498	1 877 024
Sum kostnader		10 375 169	9 157 982
Driftsresultat		894 852	1 020 198
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		115 174	7 334
Andre finansinntekter		5 632	
Sum finansinntekter		120 806	7 334
Annan rentekostnad			3 550
Sum finanskostnader			3 550
Netto finans		120 806	3 784
Ordinært resultat før skattekostnad		1 015 658	1 023 982
Ordinært resultat etter skattekostnad		1 015 658	1 023 982
Årsresultat	7	1 015 658	1 023 982
Årsresultat etter minoritetsinteresser		1 015 658	1 023 982
Totalresultat		1 015 658	1 023 982
Overføringar og disponeringar			
Konsernbidrag		1 015 658	1 023 982
Sum overføringar og disponeringar		1 015 658	1 023 982



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
---------------------	-------------	-------------	-------------



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Tomter		197 054	
Fast eige-dom		621 450	682 200
Sum varige driftsmiddel	5	818 504	682 200
Sum anleggsmiddel		818 504	682 200
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringar	8	398 390	556 236
Andre kortsiktige fordringar	8	209 733	181 223
Sum krav		608 123	737 459
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot og kontantar	9	5 139 519	4 282 790
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		5 139 519	4 282 790
Sum omløpsmiddel		5 747 642	5 020 248
SUM EIGEDELAR		6 566 146	5 702 448
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Andelskapital	7	136 000	136 500
Sum innskoten eigenkapital		136 000	136 500
Opptent eigenkapital			



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Annen egenkapital		5 109 557	4 093 898
Sum opptent egenkapital		5 109 557	4 093 898
Sum egenkapital	7	5 245 557	4 230 398
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		225 024	294 916
Skuldige offentlige avgifter		345 282	411 631
Anna kortsiktig gjeld		750 283	765 503
Sum kortsiktig gjeld		1 320 589	1 472 050
Sum gjeld		1 320 589	1 472 050
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		6 566 146	5 702 448



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2024 589345

Enheten

Organisasjonsnummer: 998 181 712
Organisasjonsform: Samvirkeforetak
Foretaksnavn: KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA
Forretningsadresse: Daltunvegen 19
6776 KJØLSDALEN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Thomas Poul Reines Hals
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 26.06.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 06.07.2024



Organisasjonsnr: 998 181 712
KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Foreldrebetalingar	1	293 510	242 754
Andre driftsinntekter	2, 3	10 976 511	9 935 425
Sum inntekter		11 270 021	10 178 179
Kostnader			
Lønskostnad	3, 4	7 930 921	7 220 230
Ordinære avskrivningar	5	60 750	60 728
Andre driftskostnader	3, 4, 6	2 383 498	1 877 024
Sum kostnader		10 375 169	9 157 982
Driftsresultat		894 852	1 020 198
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		115 174	7 334
Andre finansinntekter		5 632	
Sum finansinntekter		120 806	7 334
Annan rentekostnad			3 550
Sum finanskostnader			3 550
Netto finans		120 806	3 784
Ordinært resultat før skattekostnad		1 015 658	1 023 982
Ordinært resultat etter skattekostnad		1 015 658	1 023 982
Årsresultat	7	1 015 658	1 023 982
Årsresultat etter minoritetsinteresser		1 015 658	1 023 982
Totalresultat		1 015 658	1 023 982
Overføringer og disponeringar			
Konsernbidrag		1 015 658	1 023 982
Sum overføringer og disponeringar		1 015 658	1 023 982



Skuldige offentlege avgifter	345 282	411 631
Anna kortsiktig gjeld	750 283	765 503
Sum kortsiktig gjeld	1 320 589	1 472 050
Sum gjeld	1 320 589	1 472 050
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	6 566 146	5 702 448



Organisasjonsnr: 998 181 712
KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

1

Tal på årsverk i regnskapsåret
10.30

Sum Beløp

Balanseført verdi 31.12. Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.

Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikke er tatt med i konsolideringa

Samla beløp - tilknytt selskap Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - felles kontrollert verksemd Årets Fjorårets

Pantstillingar Beløp

Behaldning av egne aksjar Tal på aksjar Pålydande Andel av aksjek.



hovden & vatne statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening
Autorisert rekneskapsførarselskap
Org.nr. 987 832 916 MVA
E-post: firmapost@h-v.no
www.h-v.no

Til generalforsamlinga i
Kjølsdalen Montessoriskule SA

Melding frå uavhengig revisor

Side 1 av 2

Konklusjon

Vi har revidert Kjølsdalen Montessoriskule SA sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 1.015.658. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2023 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standard Boards for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formåstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Øvrig informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

Ørsta	Nordfjardeid	Stryn
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjardeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsg. 42, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30



I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere korvidt det ligg føre vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen av årsrekneskapen, eller korvidt informasjon i årsmeldinga elles framstår som vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal gjevast i samsvar med gjeldende lovkrav.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvísande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare skildring av revisor sine oppgåver og plikter vert det vist til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Nordfjordeid, 22.04.2024

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS

Dag Hopland
statsautorisert revisor



Kjølsdalen Montessoriskule SA Notar til årsrekneskapen 2023

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsva med rekneskapslova av 1998 og NRS 8 God Regnskapsskikk for små føretak. Rekneskapsprinsippa vert skildra under.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedeler og gjeld

Eigedeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmiddek. Andre eigedeler er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel.

Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterie lagt til grunn.

Anleggsmiddel vurderast til anskaffelseskost, men nedskrivast til verkeleg verdi når verdifallet ikkje forventast å være forbigåande. Anleggsmiddel med begrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig.

Omløpsmiddel vurderast til lavaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld oppskrivast ikkje til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Skattar

Ein vurderer det slik at drifta ikkje er skattepliktig, då ein ikkje har som føremål å drive med økonomisk vinst. Det er vedtektsfesta at andelsteiknarane ikkje får avkastning av andelsinnskota.

Inntekter vert bokført når dei er opptente.

NOTE 1 - Foreldrebetalingar

Skulepengesatsar:

Vår 2023 betalte føresette kr 415 pr barn i skulepengar pr. mnd.

Haut 2023 betalte føresette kr 430 pr barn i skulepengar pr. mnd.

25% rabatt for søsken 2 og 50% for søsken 3 og fleire.

SFO-satsar

Vår 2023 var satsen for fulltid SFO kr 1.500 pr. barn pr. mnd.

Haut 2023 var satsen for fulltid SFO kr 1.750 pr. barn pr. mnd.

25% rabatt for søsken 2 og 50% for søsken 3 og fleire.

NOTE 2 - Spesifisering av offentlige finansieringskjelder

Bidragssyter	Foremål	2023	2022
Utdanningsdirektoratet	Statstilskot	9 760 167	8 414 534
Utdanningsdirektoratet	Kapitaltilskot	97 985	82 230
Utdanningsdirektoratet	Veiledning for nyutdanna lærarar	0	43 468
Utdanningsdirektoratet	Komp. merutgifter knytt til covid-19	0	76 889
Utdanningsdirektoratet	Redusert foreldrebetaling SFO	112 575	47 575
Stad kommune	Tilskot til spesialundervisning	355 419	371 148
Sogndal Kommune	Tilskot til spesialundervisning	14 889	197 804
Vanylven Kommune	Tilskot til spesialundervisning	0	97 488
Stad kommune	Lokale DKS-midlar	11 600	5 357
Vestland Fylkeskommune	Transport elevar DKS	0	394
Solund Kommune	Motivasjonsmidlar - rydding i naturen	0	5 150
Sum offentlege tilskot		10 352 634	9 342 037



Kjølsdalen Montessoriskule SA Notar til årsrekneskapen 2023

Note 3 - Avdelingar - fordeling av kostnader

Husleie blir fakturert frå skulen til barnehagen i samsvar med husleigeavtalen.

Lønn, feriepengar, arbeidsgiveravgift for vaktmesterteneste, økonomi o.l., blir fakturert etter medgått tid utan påslag. Ingen av dei tilsette som vert fakturerte for medgått tid til barnehagen arbeider i barnehagen, men utfører oppgåver og tjenester for barnehagen, som oftast samstundes som ein utfører oppgåver og tjenester for skulen.

Kostnader på 231.768 som i avdeling 73 Utleige barnehage er postert som lønnskostnader ført under inntekt som lønn fakturert etter medgått tid. Desse kostnadane er fakturert barnehagen for medgått tid på tilsette i skulen som har utført arbeid for barnehagen. Fortrinnsvis arbeid som del av drift av felles bygning/tomt, og i tillegg nokre små oppdrag spesifikt for barnehagen. Desse tilsette i skulen har ikkje hatt arbeid i barnehagen, men for barnehagen.

Felleskostnader som gjeld heile bygget er som utgangspunkt fordelt 80% skule og 20% barnehage, dette er ei skjønsmessig vurdering etter bruk. Elles blir andre kostnader fordelt etter skjønn i forhold til bruk. Alle kostnader blir fakturert utan påslag.

Kostnadsfordeling på avdelingane SFO, 5-10 trinn og utleige lokaler er i noko større grad enn på avdeling utleige barnehage fordelt etter skjønn i forhold til bruk. Alle felleskostnader som gjeld heile bygget og drifta av bygget vert fordelt fast til desse avdelingane. Fordeling av lønnskostnader på avd. 5.-10. trinn og utleige lokaler er lågt. Avdeling utleige lokaler er små lønnskostnader knytta til reinhald (om naudsynt) etter utleige, medan avdeling 5.-10. trinn berre har vore heilt korte kontrollar av hønsehus før/etter skuletid. Resten av arbeidet med hønsehus har vore gjennomført i skuletida eller på dugnad av føresette eller andre

NOTE 4 - Lønnskostnader og godtgjeringsar.

	2023	2022
Løn og feriepengar	6 659 137	6 056 917
Andre godtgjeringsar	102 893	82 803
Pensjon	399 568	395 215
Arbeidsgiveravgift	769 322	685 296
Sum	7 930 920	7 220 230
Tal på årsverk	11,6	11,1

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn og anna godtgjering	776 729	0

Revisor

Det er kostnadsført kr 20.300 i honorar for revisjon og kr 34.400 i honorar for attestasjonar og andre tenester frå revisor.



Kjølsdalen Montessoriskule SA Notar til årsrekneskapen 2023

NOTE 5 - Anleggsmiddel

	Tomt	Fast eiendom	Inventar og lausøyre	Totalt:
Kostpris IB	0	1 068 778	451 699	1 520 477
Tilgang	197054	0	0	197 054
Avgang	0	0	0	0
Kostpris UB	197 054	1 068 778	451 699	1 520 477
Akkumulert avskrivin	0	447 328	451 700	899 028
Bokført verdi 31.12.	197 054	621 450	-0	621 450
-				
Avskrivningar i året	0	60 750	0	60 750
Avskrivningstid	Evig	10-25 år	3 - 5 år	
Lineære avskrivningar				

Note 6 - Handel med nærstående

Navn	Vare/tjeneste	Brutto	Netto
Eid Elektro AS	Reprasjon og vedlikehold elektrisk	28 482	22 786
Film & Kino	Bygdekino	6 050	5 402
Nordfjord Vegservice AS	Asfaltering og fjerne mold	41 683	33 346
Sum		76 215	61 533

NOTE 7 - Eigenkapital

	Andels- kapital	Annen egenkapital	Sum EK
Eigenkapital 31.12.22	136 500	4 093 898	4 230 398
Årets endring i eigenkapital:			
Teikning av andelar	-500		-500
Årets resultat		1 015 658	1 015 658
Eigenkapital 31.12.23	136 000	5 109 557	5 245 557

9% av inntektsgrunnlaget (kr 11.235.041) er disponert i 2023, dette utgjør kr 1.015.658.

Føresetnaden om fortsatt drift er til stades, årsrekneskapen for 2023 er sett opp på dette grunnlaget.

Annen eigenkapital, fordelt på avdelingar

	Skuledrift	Utleige barnehage	SFO	5-10 trinn	Utleige lokaler	Sum annen egenkapital
Eigenkapital 01.01	3 345 559	934 810	-129 957	-41 790	-14 723	4 093 898
Årets resultat	991 582	124 795	-71 514	-10 166	-19 039	1 015 658
Eigenkapital 31.12.	4 337 142	1 059 605	-201 471	-51 956	-33 763	5 109 557



Kjølsdalen Montessoriskule SA
Notar til årsrekneskapen 2023

NOTE 8 - Fordringar

Fordringar er bokført til pålydande. Ingen fordringar forfell til betaling meir enn eitt år etter balansedagen.

NOTE 9 - Bundne midlar

Av bankinnskot er kr 244.725 på konto som kun kan nyttast til betaling av forskotstrekk.



KJØLSSDALEN
MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2023

ÅRSMELDING FOR KJØLSSDALEN MONTESSORISKULE 2023

Fra 10-årsjubileet 28. oktober 2023



INNHALD:

Styret si melding

Resultatrekneskap 2023

Balanse pr. 31. desember 2023

Notar til rekneskapen

Revisor si melding





KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2023

FØREMÅL:

I vedtektene til Kjølssdalen Montessoriskule står det under §3 Verksemd og formål:

«Føretaket skal drive friskule i samsvar med friskulelova. Skulen skal drivast etter montessoripedagogikk og skal vere grunnskule frå 1. til 10. trinn med skulefritidsordning.

Føretaket er altså ikkje økonomisk motivert, men har til hovudmål å yte den tenesta ein grunnskule i nærmiljøet er.

Ein grunnskule i nærmiljøet vil også vere ein stor bidragsytar til fellesskapen og kulturen i krinsen.»

Kjølssdalen Montessoriskule drivast frå Kjølssdalen Montessoriskule, Dalfunvegen 19, 6776 Kjølssdalen, i Stad kommune, eigedom 1443 – 111/20, med omkringliggande eigedomar 1443 – 111/25 og 111/38.

VISJON:

Kjølssdalen Montessoriskule skal vere eit tydeleg pedagogisk alternativ i Stad kommune. Med kosmisk læring, fred, harmoni, empati, verdigheit og menneskerettar som fundament for heile drifta. Slik skal barna og dei vaksne arbeide med respekt for kvarandre og miljøet rundt seg.

FORTSETT DRIFT:

Føresetnadene for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen for 2023 er sett opp på dette grunnlaget.

ANDELEIGARAR

Pr. 31.12.2023 var det 272 andelar i samvirkeføretaket. Desse var fordelt på totalt 110 teiknarar.

ARBEIDSMILJØET OG DET YTRE MILJØ:

Styret i KMS ser på arbeidsmiljøet som godt. Det totale sjukefråværet i 2023 var 196,7 dagar. Dette utgjør 7,0% av det moglege antal dagsverk. Fordelt mellom eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær ser biletet slik ut:

Eigenmeldt fråvær: 59,4 dagar – 2,1 % av totalt antal dagsverk.

Legemeldt fråvær: 137,3 dagar – 4,9 % av totalt antal dagsverk.

Som i 2022 har 2023 vore relativt sett prega av meir sjukefråvær både blant tilsette og elevar enn tidlegare år.

Det er rapportert om 2 skadar på arbeidsplassen blant elevar i 2023. Det er rapportert om 1 skade på arbeidsplassen blant tilsette i 2023. Alle 3 vart innmeldt til både NAV og forsikringselskap.

Kjølssdalen Montessoriskule har ei medviten haldning til miljøet rundt seg. Alt avfall vert kjeldesortert og levert gjennom offentleg renovasjonsordning. Barn og tilsette ved skulen og i barnehagen har felles ansvar for å sortere avfall på ein sikker måte inne i bygget, samt frakte dette til sorteringsplass ute (plast, papir, våtorganisk, restavfall og glas/metall), medan spesialavfall (batteri, lyspærer, stoffrør, elektriske artiklar, metall o.a.) blir teken hand av vaksen og levert ved næraste gjenbruksstasjon ved høve.



KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2023

LIKESTILLING:

Kjølssdalen Montessoriskule er opptekne av å integrere omsynet til ikkje-diskriminering i det daglege arbeidet. Dette gjeld både for og med elevane og i høve dei tilsette. Med likestilling meiner vi likeverd, like mogelegheiter og like rettar. Likestilling føreset tilgjenge og tilrettelegging. Vi er ein skuleorganisasjon som på lik linje med fleirtalet av skular i Noreg med fleire kvinnelege enn mannlege tilsette. Alle har same vilkår uavhengig kjønn, både når det gjeld løn og arbeidsoppgåver.

Vi har berre frivillig deltidsarbeid (altså der arbeidstakar sjølv ynskjer redusert stilling). Som arbeidsgjevar er vårt ynskje at flest mogeleg har 100 % stilling.

KMS sitt styre pr. 31.12.2023 var sett saman av 3 menn og 2 kvinner. Skulen hadde 23 tilsette og 1 IKT-medarbeidar i faste fakturerte oppdrag i 2023. Av desse var 16 kvinner og 8 menn.

KMS føl likestillingslova og arbeidar for å fremje likestilling ved val av tillitsvalde og ved nytilsetjingar.

Det er ikkje verksett særskilte likestillingstiltak ved skulen.

STYRET:

Styret har hatt følgjande samansetning i 2023:

- Ove Kjølssdal (leiar) – styremedlem sidan 2012
- Synnøve Humborstad – styremedlem sidan 2012
- Kim Tore Gilleshammer – styremedlem sidan 2023
- Roar Øystein Bakke – styremedlem sidan 2015
- Kine Krokstrand – styremedlem sidan 2016

HANDSAMA SAKER

Styret har hatt 3 styremøter i 2023. Protokollen syner 61 handsama saker. Av saker styret har hatt til handsaming nemnst her:

- Psykososialt miljø for elevar
- Psykososialt miljø for tilsette
- Drift av skulebygget
- Tilsyn frå Mattilsynet
- Diverse høyringar
- Evaluering av brukarundersøkingane for haust 2023
- Føretaksplan for Kjølssdalen Montessoriskule 2023 - 2027
- Årsrekneskap for 2023
- Elevinntak 2023/2024
- Skulerute 2023/2024
- Budsjett for 2024
- Årsmelding for 2022
- Lokale lønsforhandlingar for dagleg leiar
- Endring av leigesats for Kjølssdalen Montessoribarnehage SA
- Nye vedtekter for SFO ved skulen



KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2023

STILLINGSHEIMLAR PR. 31.12.2023:

Rektor Thomas Hals	-	100%, (medgått arbeid for bhg vert fakturert bhg)
Administrasjonsmedarbeidar Tanja Hatten	-	50%, (medgått arbeid for bhg vert fakturert bhg)
Reinhold Rossucon Jankhun	-	80%
Montessoripedagog Eli B. H. Tyvold	-	80%, Kontaktlærer Ungdomsskulen 7.-10. trinn
Montessoripedagog Oddrun Telvik	-	80%, Storskulen + spes.ped. enkeltelevar
Pedagog Monika Bendoraitiene	-	100%, Kontaktlærer 2.-3. trinn Småskulen
Montessoripedagog Kari-Ann H. Home	-	100%, Kontaktlærer 4.-6. trinn
Ettermiddagsvakt måndagar Kari Follevåg	-	6%, om lag
Faglærer Elisabeth H. Tyvold	-	80%, Ungdomsskulen
Montessoripedagog Heidi B. E. Hals	-	100%, kontaktlærer 1. – 3. trinn Småskulen
AMI-Assistent Frank-Tore Bruvoll	-	100% Ungdomsskulen, SFO
Assistent Sunniva Befring	-	100% Småskulen, SFO

ÅRSRESULTAT OG DISPONERING AV OVERSKOT:

KMS sitt totale årsresultat for 2023 vart på 1 015 658,-. Styret foreslår at heile årsresultatet vert overført til annan eigenkapital.

RAPPORT FRÅ KONTROLLGRUPPA:

Periodisk kontroll etter sjekklista gjennomført av kontrollgruppe skal etter kontrollgruppa sitt mandat gjerast med rapport til styret innan 28.02. gjeldande år. Det har i 2023 ikkje vore ein fungerande kontrollgruppe som har gjennomført periodisk kontroll.

VERKSEMDA I KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA

2023 har vore Kjølssdalen Montessoriskule sitt 10. heile driftsår med tilsette og elevar. 2023/24 er skulen sitt 11. skuleår.

Pr. 01.01.2023 hadde skulen 58 elevar, der ein fekk ordinært statstilskot for alle elevane på bakgrunn av teljedato 01.10.2022. Av desse var ein gjeste-elev gjennom beredskapsheim. Elevmassen utgjorde fram til sommaren 2023 56 elevar. Desse var fordelt med 10 elevar i ungdomsskulen (7.-10. trinn), 22 elevar i Storskulen (4.-6. trinn) og 24 elevar i Småskulen (1.-3. trinn).

Skuleåret 2023/2024 starta ein opp med 59 elevar ved skulen. Dette var òg talet elevar på teljedato 1. oktober 2021. Elevane var fordelte slik: 23 i Småskulen (1.-3. trinn), 24 i Storskulen (4.-6. trinn) og 12 i Ungdomsskulen (7.-10. trinn). Alle desse elevane vart tekne med i elevteljinga 1. oktober 2023.



KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2023

Ved utgangen av kalenderåret 2023 var det altså totalt 59 elevar ved skulen:

Småskulen (1. – 3. trinn):	23 elevar	8 jenter	15 gutar
Storskulen (4. – 6. trinn):	24 elevar	14 jenter	10 gutar
Ungdomsskulen (7.–10. trinn):	12 elevar	4 jenter	8 gutar

TOTALT ELEV TAL: 59 elevar 26 jenter 33 gutar

Dei 59 elevane pr. 31.12.2023 var fordelte slik geografisk, frå vest mot aust:

Selje:	1 elev	Kjølssdalen nedre:	23 elevar
Bryggja:	1 elev	Kjølssdalen øvre:	6 elevar
Åheim:	1 elev	Reksnes/Lund:	1 elev
Lefdal:	2 elevar	Stårheim:	1 elev
Midthjell:	2 elevar	Haugen/Hjelmelandsd.	1 elev
Haus:	3 elevar	<u>Nordfiordeid/sørsida:</u>	<u>5 elevar</u>
Ervik:	12 elevar	<u>Totalt:</u>	<u>59 elevar</u>

I 2023 har ein hatt følgjande faste utval i drift ved skulen: styre, FAU og elevråd. Dagleg leiar, styret og FAU må vere påpasselege med at mandatet til eit eventuelt samarbeidsutval og eit skulemiljøutval vert teken i vare gjennom arbeidet i FAU, elevråd og styret.

Skulen har i 2023 hatt eit undervisningspersonell på totalt 7 tilsette med godkjent utdanning for arbeid på barne- og/eller ungdomstrinna. Av desse 7 pedagogane har 5 godkjent vidareutdanning i Montessoripedagogikk. Ein er faglærer med rett kompetanse i ungdomstrinna, medan ein har godkjent utdanning for undervisning på 1.-4. trinn.

Skuleskyssordninga har fungert godt i 2023. Firda Billag og Eid Taxi har vore leverandør av skyss på dei fleste rutene, men ein rute mellom Selje/Åheim og Bryggja har vore levert av Bryggja Taxi, organisert gjennom Møre og Romsdal Fylkeskommune. Haust 2023 hadde totalt 31 elevar rett på skyss. 14 etter fylkeskommunale vedtak, 17 etter dei kommunale retningslinene.

Vedtak om spesialundervisning har for elevar heimehøyrande i Stad kommune vore delegert frå kommunen til rektor i 2023. Utgiftene til desse tiltaka har vorte dekt inn av Stad kommune. Avtalen er tilfredsstillande for skulen. For elevar frå andre kommunar enn Stad har ein fått dekt inn anten etter ressurs gitt pr. enkeltvedtak, eller etter faktura frå skulen (gjeld gjesteelevar).

Det har vore drift på SFO ved Kjølssdalen Montessoriskule heile 2023. Vår 2023 var denne ope frå 07.30-08.30 om morgonen og frå 15.00-16.30 på ettermiddagen. Hausten 2023 endra skulen timeplanen for 1.-7. trinn. Desse trinna har haust 2023 hatt skuledagar frå 08.30-14.30 måndag, tysdag, torsdag og fredag, medan onsdagar har vore skule frå 08.30-12.00. Onsdagane har difor SFO vore ope frå 12.00-16.30 på ettermiddagen. Hausten 2023 hadde 12 barn full eller delvis plass på SFO ved Kjølssdalen Montessoriskule. Assistentane Frank-Tore, Sunniva og Kari har vore ansvarleg for dagleg drift av SFO, med rektor som økonomisk og fagleg ansvarleg.



KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2023

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE ØNSKJER Å TAKKE:

I februar 2023 mottok skulen ein gåve på kr. 6 000,- frå 17. mai-komiteen i Kjølssdalen, etter overskot frå feiringa i 2022. Dette var øymerkt ny kaffimaskin, som kom på plass i mai 2023.

Sommaren 2023 mottok skulen ein gåve frå Odd Erik Lothe på kr. 1000,- med helsing til «fantastiske Kjølssdalen Montessoriskule».

I september 2023 mottok skulen ein sponsorgåve på kr. 25 000,- frå Kjølssdal Invest AS. Dette for «godt arbeid med barn og ungdom i krinsen».

I høve 10-årsjubileet som vart markert 28. oktober 2023, mottok skulen ein gåve på 5 000,- frå Kjølssdalen Bygdekvinnelag samt eit gåvekort på 2 000,- frå Trekløveret 4H, den lokale 4H-klubben i bygda.

Hausten 2023 mottok skulen ei steikepanne frå Kjølssdalen Musikklag, som takk for godt samarbeid.

SLUTTORD:

10 år med skuledrift i Kjølssdalen driven etter montessoripedagogiske prinsipp, vart markert med stor fest i skulen laurdag 28. oktober 2023. Elevane hadde øvd inn eit flott program med song, teikningar og ord og dette vart framført for ein full gymsal. Det var ord frå representantar ved skule og styret samt folk i lokalmiljøet. Etterpå var det mat og prat rundt om i skulebygget. Skulen har på desse 10 åra etablert eit trygt og solid oppvekstinstitusjon midt i Stad kommune. Økonomien er stabil og det er pr. no godt elevgrunnlag ved skulen og økonomi for vidare utvikling. Skulen og barnehagen i same bygg utgjer ein viktig faktor for unge i etableringsfasen som vurderer å busetje seg i Kjølssdalen eller nærområda rundt.

Styret ønskjer å takke dei tilsette for innsatsen i driftsåret 2023. Både det pedagogiske personalet, dei merkantilt tilsette, reinhaldspersonalet og skuleleinga legg ned eit arbeid som sikrar solid drift for framtida, og ein trygg arbeidslass og skule i lokalmiljøet.

Kjølssdalen 11.04.2024

Ove Kjølssdal
styreleiar

Synnøve Humborstad
styremedlem

Kim Tore Gilleshammer
styremedlem

Roar Øystein Bakke
Styremedlem

Kine Krokstrand
styremedlem

Thomas Hals
dagleg leiar